



POLITIHØGSKOLEN

Det kongelige Justis- og beredskapsdepartement NORWEGIAN POLICE UNIVERSITY COLLEGE
Øg på e-post til lovavdelingen@jd.dep.no

Dykkar referanse:
12/3307 ES FBF/AHI/mk

Vår referanse:
2013/00194-3 008

Stad, Dato
Oslo, 24.5.2013

HØRING - ENDRINGER I STRAFFELOVEN 1902 OG STRAFFELOVEN 2005 (PERSONFORFØLGELSE, VOLDTEKT OG ANDRE SEKSUELLE OVERGREP, FORMIDLING AV PROSTITUSJON, FORBEREDELSE TIL TVANGSEKTESKAP, FOREDELSESREGLER MV.)

Politihøgskolen viser til Justisdepartementet sitt høyringsbrev av 8. februar 2013 med høyringsfrist 1. juni 2013. Politihøgskolen går ikkje inn på alle spørsmåla som er reist, men har desse merknadene:

TIL PUNKT 3 PERSONFORFØLGELSE («STALKING»)

Vi er samd i at ein skjerpar reglane mot personforfølgjing. Slik vi ser det, er det ikkje så stor skilnad på dei forskjellige tekstene departementet legg fram. Men vi er overraska over at ein vel den same påtaleregelen som i straffelova § 390a: Påtalebegjæring og allmenne omsyn. For eit brotsverk med strafferamme på fengsel i fire år verker dette lite naturleg. Dersom først gjerningspersonen sine handlingar rammast av straffebodet, bør det etter vårt syn vere offentlig påtale, jf. straffelova § 77.

I praksis kan ein lett få saker der tvistepunktet er om det er § 390a eller § 227a som er rett paragraf. Desse to reglane dekkjer likevel neppe same forholdet, sml. Rt. 2013 s. 321 U (om ran og § 390a). Dersom departementet sitt framlegg vert følgd opp, kan ein difor lett få saker der det er tvilsamt om retten kan nedsubsumere til § 390a, jf. straffeprosesslova § 38. Difor kan det vere ein tanke å heller lage to «versjonar» av § 227a, ein vanleg og ein grov, og ta vekk § 390a.

TIL PUNKT 4 UTFORMING AV GJERNINGSBESKRIVELSEN I VOLDTEKTSBESTEMMELSEN

Slik vi ser det, er det ikkje så mykje å vinne på å ta inn krav om samtykke som eit særskilt vilkår.

For det første ligg det i sakas natur, som juristar plar å kalle det, at samtykke til seksuell omgang ikkje kan vurderast på same måten som spørsmålet om rettsleg bindande samtykke i

POLITIHØGSKOLEN
Pb.5027 Majorstuen, 0301 Oslo
Slemdalsveien 5
Tlf: 23 19 99 00 /Faks: 23 19 99 01
Org. nr: 974 761 017 / Giro: 7694.05.08335
www.phs.no /postmottak@phs.no

Avdeling Bodø
Pb. 6004, 8002 Bodø
Universitetsalleen 1
Tlf: 23 19 99 00
Faks: 75 58 80 30

**Utdanningscenter
Kongsvinger**
Pb. 100, 2201 Kongsvinger
Motjernsvegen
Tlf: 23 19 99 00
Faks: 62 82 59 50

**Justissektorens kurs- og
øvingssenter Avdeling Stavern**
Pb. 204, 3291 Stavern
Fredriksvern Verft
Tlf: 23 19 99 00
Faks: 33 13 43 02

sivilretten. Vi er på eit område der kombinasjonen av verbal og ikkje-verbal kommunikasjon gjer det vanskeleg å gje klårgjerande reglar.

For det andre vil eit «samtykke» sjølv sagt berre vere straffriande dersom det ikkje er gjeve under uakseptabelt press. Dersom gjerningspersonen har brukt tvang eller truande åtferd, er det rettsleg irrelevant om den fornærma har sagt «ja». Det same gjeld om den fornærma er ute av stand til å motsetje seg omgangen. Men det er ikkje utan vidare enkelt å trekke grensene mellom kva som er eit utilbørleg press som gjer at det avgitte «samtykket» ikkje er straffriande, og kva slag argument som kan vere moralsk tvilsomme, men som ikkje bør gjere samtykket strafferettsleg irrelevant.¹ Med minstestStraff på tre års fengsel ved samleie er dette problematisk.

TIL PUNKT 8 SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN UNDER 14 ÅR

8.1 All seksuell omgang med barn under 14 år regnes som valdtekt

Forslaget om at all seksuell omgang med barn under 14 år skal reknast som valdtekt, er som kjent alt vedteke i straffelova av 2005. Politihøgskulen ser ikkje grunn til å gå grundig inn på dette spørsmålet no, men nemner at det – som departementet seier klårt – er meininga at brot på straffelova § 195 dermed ikkje lenger skal kunne gje grunnlag for at ein òg nyttar straffelova § 192. (Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 442.)

Valdtekt til seksuell omgang (utan samleie) av ein 13-åring kan i dag gje grunnlag for tiltale for § 192 første punktum og § 195 første ledd første punktum i konkurrans. Strafferamma vert da økt frå 10 år til 20 år (straffelova § 62). Med den endringa departementet føreslår, vert utgangspunktet ei strafferamme på 10 år. Anten den seksuelle omgangen er samleie eller ikkje, kan det vere naturleg å vurdere om ikkje det i eit slikt tilfelle ofte ville vere naturleg å anse omgangen etter § 195 som «begått på en ... særlig krenkende måte», jf. § 195 andre ledd bokstav b. Sjølv om lova bygger på at barn under 14 år ikkje kan gi straffriande samtykke, er det vesentleg verre å foreta ein seksuell omgang som i seg sjølv ville ha vore brot på § 192 om den fornærma var over 14 år.

Vi nemner òg eit paradoks som kjem klårast fram der den seksuelle omgangen ikkje er samleie: Dersom gjerningspersonen valdtek ein 13-åring til seksuell omgang, vil den nye ordninga altså gjere at det er straffelova § 195 første ledd første punktum som skal brukast, med strafferamme på fengsel i 10 år (om ikkje det er grunnlag for å bruke § 195 andre leddet). Dersom valdtekten skjer overfor ein 14-åring, kan ein bruke § 192 og § 195 i konkurrans, og strafferamma auker til 16 år (jf. straffelova § 62). Det har neppe noko å seie for den konkrete straffa, men kan verke rart.

Vanlegvis er det lettare å prova at den fornærma var under 14 år enn at det er brukt vald, trusler osb. Men det kan tenkjast unnatak der det er lenge sidan handlinga. Dersom eit høve som reelt strider mot § 192 vert iretteført berre med tiltale etter § 195, kan det i prinsippet vise seg at handlinga skjedde noko seinare, etter at barnet fylte 14 år. Det kan då reise nokre prosessuelle spørsmål om § 192 ikkje er teke med i tiltala. Brot på § 195 og § 192 må rett nok reknast som det same straffbare forholdet etter straffeprosesslova § 38, jf. Rt. 2011 s. 472. Men retten kan berre dømme for dei faktiske omstenda som går fram av tiltalevedtaket. Det er ikkje gjeve at dei faktiske omstenda som i seg sjølv ville bringe saka inn under § 192,

¹ Spørsmålet er grundig behandla av Petter Asp, *Sex och samtycke* (Uppsala 2010).

vert tekne med i tiltalevedtaket dersom det ikkje er naudsynt i høve til spørsmålet om brot på § 195.

Ein kunne sjølv sagt tenkje seg at seksuell omgang med barn under 14 år i staden vart teke inn som ein del av § 192. Men det har ein ikkje gjort, og det er då liten grunn til å avskjere seg frå å bruke reglene i konkurrans når det er grunnlag for det. Vi er altså samd med Matningsdal i at det ikkje er omgrepet, men *innhaldet* i reglene som bør avgjere spørsmålet om konkurrans.²

Slik vi ser det, ville det vere betre i samsvar med prinsippet om at tiltalen og dommen skal avspeгла alle sider ved saka om § 195 og § 192 kunne nyttast i konkurrans.

8.2 Kvalifisert seksuell handling

Som kjent er «kvalifisert seksuell handling» alt innført i straffelova av 2005 § 299, og det er liten grunn til å opne nokon ny diskusjon om dette no. Vi er samde i at det vil vere eit gode for dei fornærma barna at ein slepp å provføre at grensa mellom seksuell handling og seksuell omgang er overtrådt. For barnet er slike handlingar svært krenkande, og det er vanskeleg å sjå forskjellen i straffverde. Vi nemner likevel at uttrykket «kvalifisert seksuell handling» neppe er særleg klårgjerande for folk; truleg ville «grov seksuell handling» vere enklare å forstå.

Når det er sagt: Dette framlegget (og fleire andre i høringsnotatet) kjem avdi at straffelova av 2005 ikkje kan tre i kraft på lenge enno. Det vekkjer ettertanke at lovgjevaren har vore svært effektiv med å forskuttere dei skjerpande endringane i straffelova av 2005, medan dei mildere endringane stort sett får vente til straffelova av 2005 kjem. (Eit unnatak er straffelova av 1902 § 18 om unge lovbrytarar, som vart vedteke i 2012.)

Her vert dette særst tydeleg: I straffelova av 2005 vert rett nok dei mest krenkjande («kvalifiserte») tilfella av seksuell handling mot barn under 14 år flytta til § 299 og får ei strafferamme på fengsel i ti år. Men samstundes vert straffelova av 1902 § 200 tredje ledd om heving av strafferamma (for alle seksuelle handlingar med barn under 16 år når det ligg føre «særdeles skjerpende omstendigheter») ikkje vidareført i straffelova av 2005.³ Denne siste endringa er ikkje teke opp i departementet sitt høringsnotat no.

Når ein skal justere grensa mellom straffelova av 1902 § 195 og § 200 og grunngjev det med at Stortinget alt har vedteke ei slik endring, hadde det vore naturleg å ta med òg den mildere endringa i framlegget, som departementet sjølv så i samanheng då straffelova av 2005 § 304 vart føreslått. Det ville vere i betre samsvar med det ønsket Stortinget alt har gjeve uttrykk for ved lovvedtaket av 2009.

Sidan departementet òg ønskjer å endre straffelova § 139 om avvergingsplikten, nemner vi at ein ved lovendringa av 2010 tok inn brot på straffelova § 200 andre leddet. Truleg var dette for å dekke manglande avverging av «kvalifiserte seksuelle handlingar» mot barn under 14 år, jf. straffelova av 2005 § 299. Regelen dekker likevel alle seksuelle handlingar overfor barn

² Magnus Matningsdal, *Norsk spesiell strafferett* (Bergen 2010) s. 183.

³ «Siden departementet ... foreslår å innta kvalifiserte seksuelle handlinger med barn under 14 år i bestemmelsen om voldtekt av barn under 14 år, er departementet enig med Straffelovkommisjonen i at det ikke er behov for en bestemmelse om grov seksuell handling med barn under 16 år med forhøyet strafferamme.» (Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 255.)

under 16 år. Det er ei underleg ordning når § 196 om seksuell omgang ikkje er med i opprekninga. Tek ein § 139 på ordet, får einkvar som veit om – eller held som «mest sannsynlig» – at to 15-åringar har planar om å utføre seksuelle handlingar med kvarandre, ein straffsanksjonert avvergingsplikt. Det kan ikkje ha vore meininga. Når ein no gjennomfører overføringa av kvalifiserte seksuelle handlingar til § 195, bør ein rette opp § 139 og ta § 200 andre leddet ut av opprekninga.

8.3 Seksuell omgang mellom to fornærmede

Som departementet sjølv nemner, rammer straffelova § 205 medverknad til brot på reglane i kapittel 19 om seksuallovbrot. Vi er samd i at ein person som får to mindreårige til å ha seksuell omgang med kvarandre, eller utfører seksuelle handlingar på kvarandre, kan straffast som medverkar sjølv om ingen av barna kan straffast. Det gjeld òg om ein eller begge er fylt 15 år, men straffa fell bort på grunn av at dei er jamnbyrdige i alder og utvikling, jf. t.d. § 196 siste leddet. (Formålet med den siste regelen er at ein ikkje skal straffe unge menneske i utrensmål, men den vaksne medverkaren er meir å klandre. Kanskje kan regelen prinsipielt sett brukast òg på medverkaren, men det vil vere mindre naturleg i dei fleste sakene.)

Eit døme (om § 192) er Rt. 2004 s. 252, der gjerningspersonen tvang to personar til å ha seksuell omgang med kvarandre medan han såg på. Dersom gjerningspersonen overtaler to mindreårige til å ha seksuell omgang (eller overtaler den eine til å ha seksuell omgang med den andre), kan det rammast av § 195 eller § 196 jf. § 205. Tilsvarande gjeld etter § 200 andre leddet dersom gjerningspersonen får to mindreårige til å utføre seksuelle handlingar med kvarandre, eller får ein mindreårig til å godta at ein annan gjer seksuelle handlingar med han eller ho.

Vi kan då ikkje sjå kvifor ein skulle endre lova. Dersom endringa berre skal gjelde straffelova § 195, kan folk lett tru at medverknad er tillete for dei andre lovbrota i kapitlet. Då vil endringa reelt sett gje dei mindreårige eit dårlegare vern enn før.

Vi tilrår difor at dette framlegget ikkje vert følgd opp.

8.4 Gjeninnføring av barnets alder som objektivt straffbarhetsvilkår i saker om seksuelle overgrep

Vi er samd i at den såkalla G-saka frå EMD gjer at ein ikkje lenger kan leggja til grunn den tolkinga Høgsterett gjorde av § 195 i Rt. 2005 s. 833 P.⁴ Spørsmålet om det objektive straffbarhetsvilkåret bør først inn att i lova, har fleire sider.

Som departementet peiker på, er minstestrafva (ved samleie) høgare no enn før, tre års fengsel. Ved samleie vil normalstraffenivået ved brot på straffelova § 196 vere seks månaders fengsel, normalt utan vilkår, jf. Rt. 2013 s. 561 U. For ein gjerningsperson som har vore så aktsam som han burde vere, er det sjølv sagt dramatisk at han i staden får minst tre års fengsel (med eit normalstraffenivå på fire år).

På den andre sida skal regelen verne barnet mot provføring som kan vere vanskeleg for barnet. Sjølv om det oftast vil vere slik at barnet er avhøyr ved dommaravhøyr, vil prosedyren om tiltalte si aktløyse knytta seg tett til korleis barnet framstod. Det er òg eit

⁴ Vi tillet oss å visa til Hans-Petter Jahre og Morten Holmboe, "Alderen som objektivt straffbarhetsvilkår: dit og tilbake igjen?". *Lov og Rett*. Vol. 51 (2012) s. 579-597 for ei drøfting og oversikt over forskjellige syn i den juridiske litteraturen. For eit anna syn på G-saka, sjå Mads Andenæs og Eirik Bjørge, *Menneskerettene og oss* (Oslo 2012).

moment at dersom ein tiltalt vert frifunne fordi den t.d. 12-årige fornærma så eldre ut, vil den same 12-13-åringen lett miste vernet sitt etter § 195: Så ho ut som minst 14 år då ho var 12, ser ho ikkje yngre ut når ho er 13. Det er diverre ikkje uvanleg med gjentatte overgrep frå forskjellige gjerningspersonar mot det same barnet over ei tid.⁵

Eit anna moment er at ein gjerningsperson som har kjent barnet ei tid, vil ha vanskelegara for å verte frifunnen, avdi han lettare burde forstått kor ungt barnet var og difor ikkje var aktsam. Sjølv om eit kjæresteforhold ikkje i seg sjølv er formildande, er det eit paradoks om ein skal gjere det lettere å verte frifunnen for den som utnyttar barnet så tidleg etter det første møtet at han ikkje har fått vite fleire detaljar om det.

Det er – med den endringa i § 195 som òg vert føreslått – eit prosessuelt poeng å ha ein regel om alderen som objektivt straffbarhetsvilkår. Ovanfor har vi argumentert for at § 195 og § 192 bør kunne brukast i konkurrans. Men dersom departementet ikkje er samd i dette, kan ein her få nokre prosessuelle problem.

Dersom ein gjerningsperson har begått ei handling som ville verte rekna som valdtekt overfor ein 13-åring, skal altså tiltalen lyde berre på § 195. Dersom det er eit aktløysekrav, og retten finn at gjerningspersonen ikkje har vore aktlaus med høve til alderen, kan den ikkje dømme for brot på § 195. Truleg kan retten bruka § 192 i staden dersom valden, truslene osv er teke med i tiltala og er godt nok provde, jf. straffeprosesslova § 38. Men det er ein risiko for at tiltalevedtaket eller hovudforhandlinga ikkje vil dreie seg nok om dei sidene som er avgjerande for om ein skal dømme etter § 192. Skal ein ha ein regel om at reelle brot på § 192 mot barn under 14 år berre skal irettesettast etter § 195, er det ekstra gode grunnar til å ha ein regel om at uvitenhet om alderen ikkje skal føre til frifinning.

Slik Politihøgskulen ser det, er det gode grunnar for å gjeninnføra ein regel om at barnet sin alder er eit objektivt straffbarhetsvilkår.

Vi er likevel ikkje så sikre på den valgte formuleringa er heldig. På eit punkt kan den skape uklårhet: Til trass for at seksuell omgang med barn under 14 år reknast som «valdtekt», skal ein fortsatt ha ein regel om at straffa kan setjast ned eller falle bort dersom dei to er omtrent jamnbyrdige i alder og utvikling. Det er vi samd i.

Som kjent er det her tale om kumulative vilkår: Partane må vere jamnbyrdige både i alder og utvikling. Den gjeldande formuleringa («utelukker ikke straffeskyld») opner for at gjerningspersonen kan nyte godt av ei aktsam feilvurdering av den fornærma sin alder dersom partane er jamnbyrdige i utvikling. Men dersom ein vel den mer bastante forma «fører ikke til straffrihet», kan det gje inntrykk av at gjerningspersonen si oppfatning av alderen ikkje kan vere relevant ved vurderinga av straffritak etter § 195 fjerde ledd.

Rett nok kan ein her i visse døme få inn ei vurdering av den fornærma si utvikling osv, som ein vanlegvis vil unngå. Men ei slik norm ligg allereie i at retten ved jamnbyrdighet i alder skal vurdere både partane si utvikling. Det er då neppe noka krenking av den fornærma at ein òg let gjerningspersonen si aktsame feilvurdering spele inn i denne vurderinga.

⁵ Jf. Karianne Stærk Alve *Barns rettsstilling i § 195 3. ledd-saker: En analyse og vurdering av rettsutviklingen* (2012) s. 53 flg.

TIL PUNKT 9 EUROPARÅDETS KONVENSJON OM BESKYTTELSE AV BARN MOT SEKSUELT MISBRUK

Vi er samd i at straffelova § 204a endrast slik som departementet har føreslått. Når § 204a først skal endrast, nemner vi at straffritaksregelen i fjerde leddet berre gjeld dersom den eller dei fornærma er fylt 16 år. Det kan slå urimeleg ut for dei yngste lovbrytarane. Ein kan tenkje seg at t.d. to 15-åringar med samtykke tek seksualiserte bilete av kvarandre til privat bruk. Dersom dei har seksuell omgang, vil det normalt ikkje verte nokon straff (§ 196 fjerde leddet). Men formelt er dei begge skuldige i å ha barnepornografiske bilete. Sjølv om påtalemakta løyser saka med ei påtaleunnlating (straffeprosesslova § 69), står dei i strafferegisteret. Det er vanskeleg å sjå at det er rimeleg at ein skal være avskåre frå å legge bort ei slik sak, mens ein 17-18-åring som tek bilete av ein 16-åring kan sleppe nokon reaksjon i det heile. Det kan difor spørjast om 16-årsgrensen bør vere absolutt, sjølv om det er sjeldan at ein vil fritta for straff når den avbilda er under 16 år.

TIL PUNKT 10 FORELDELSE

10.1 Bør straffansvaret for enkelte handlinger være unntatt fra foreldelse?

Dette er ikkje noko heilt enkelt spørsmål. Byggjer ein på dei klassiske prevensjonsteoriane, kan det verke lite naudsynt å iretteføre saker med straff svært lang tid etter at handlingane skjedde. Men erfaringa med einskilde slike saker kan tyde på at det kan vere rimeleg å kunne møte visse sær sars grove handlingar med straffeforfølgning når vilkåra er til stades.

Sjølv om ei slik utviding av straffansvaret i tid kan knyttast til «den sosiale ro» (jf. Ot.prp. nr. 90 (2003-2004)), kjem ein neppe utanom at ei slik endring som departementet tar opp, reelt nærmar seg gjengjeldingsteoriar meir enn prevensjonsteoriar. Om det er eit avgjerande argument mot forslaget, kan det vere delte meiningar om.

Rett nok kan det, som departementet sjølv nemner, hende at svært gamle saker er vanskelege å iretteføre, og alderen kan skapa ein risiko for gale avgjerder. Det er òg eit poeng at det for familien til gjerningspersonen kan ramme hardt at det kjem opp tilhøve som er så gamle, og som gjer at ein omsorgsperson må i fengsel. Allereie i dag er det likevel slik at ein 20-åring som drep nokon utan å verte oppdaga, og så stifter familie og bygger opp eit godt liv for sine, kan rykkast ut av dette etter nesten 25 år. Dette omsynet veier difor ikkje like tungt for dei verste brotsverka.

Ei ulempe med å oppheve foreldingsfrista er at sjølv foreldinga kan gjere at gjerningspersonen står fram og tilstår. For dei etterlatte etter eit menneske som er drept, kan det i visse høve vere godt å få slått fast kva som skjedde. På den andre sida kan det nettopp då vere vanskeleg å forsona seg med at gjerningspersonen ikkje kan rørast. (Etter gjeldande rett kan likevel tap av offentleg stilling verte idømt sjølv om straffansvaret elles er forelda, noko som ikkje vil verte vidareført i straffelova av 2005.)

For den uskuldig mistenkte kan det òg vere ein føremon at ein påstand om ei alvorleg straffbar handling kan verte etterforska og ikkje berre bli lagd bort på grunn av forelding.

For folk flest er det nok heilt forståeleg at prova vert svekka eller at straffa vert mildare på grunn av at det er gått lang tid sidan brotsverket. Det kan vere vanskelegare å forstå at saka

i det heile ikkje vert prøvd for retten. Legg ein vekt på at ikkje berre straffa, men òg rettssaka kan ha ei god virkning på den sosiale roen, kan det tale for at ansvaret for visse straffbare handlingar ikkje skal kunne foreldast.

Førehaldet til dei gjeldande reglane om at ansvaret for folkemord, brotsverk mot menneskeheita og krigsbrotsverk ikkje foreldast, og den vedtatte regelen om det same for visse terrorbrotsverk, talar òg for at visse alvorlege brotsverk ikkje skal kunne foreldast.

Slik vi ser det, er det difor grunn til å fastsette at ansvar for forsettlege drap ikkje skal kunne foreldast. Vi er òg samde i at dette skal gjelda for alle handlingar som ikkje er forelda når endringslova trer i kraft. For ordens skuld nemner vi at departementet sitt lovutkast ikkje inneheld nokon slik overgangsregel, og vi reknar med at ein slik regel vert skriven inn i utkastet i proposisjonen.

Derimot er vi i tvil om departementet si vidare avgrensing til straffelova § 195 og § 196 er den beste. Seksuell omgang med barn under 16 år kan vere svært alvorleg, men etter første leddet i straffelova § 196 er strafferamma berre seks års fengsel, og normalstraffa ved samleie er seks månaders fengsel. I dag vil foreldingsfrista på ti år etter første ledd først byrja å løpe to til nær fire år etter, når den fornærma fyller atten år. Foreldingsfrista etter første leddet vert altså maksimalt fjorten år. Etter andre leddet vert frista maksimalt nitten år. Å ta vekk foreldingsfrista er her ei svært stor endring. Det er ikkje utan vidare rimeleg at ein seksuell omgang med ein 15-åring, kanskje der gjerningspersonen var berre litt for gamal til å kunne få bortfall av straffa etter straffelova § 196 fjerde ledd om jamnbyrdigheit i alder og utvikling, skal henge over hovudet hans heile livet.

Det er òg vanskeleg å harmonisera forslaget med at valdtekt (§ 192) ikkje får nokon særskilt handsaming i utkastet. Det gjeld òg valdtekt der den fornærma døyr som følgje av handlinga.

Ei side av at det er vanskeleg å iretteføre ei sak etter svært lang tid, er at om ein kan prova handlinga, kan det vere verre å prova skuldgraden hos gjerningspersonen. Her er det ekstra vanskeleg der eit forsettleg lovbrøt fører til meir alvorlege følgjer enn gjerningspersonen hadde som forsett. Har A skote B på nært hald, kan provføringa vere enklare enn der A har påført B ei anna skade, som B så døyr av. Ei valdtekt med døden til følgje kan vere like – eller meir – støytande enn eit forsettleg drap, noko som òg viser seg ved at strafferamma er høgare for § 192 tredje leddet enn for § 233 første leddet.

Ein kan tenkje seg ei sak der tiltalevedtaket lyder på valdtekt og drap for 26 år sidan. Dersom retten ikkje finn prov for drapsforsettet, vert resultatet frifinning sjølv om valdtektsmannen kunne lastast for at offeret døde.

Slik vi ser det, gir det ei løysing betre i samsvar med dei omsyna straffelova bygger på om ein lar foreldingsreglane falle bort for alle forsettlege brotsverk som har strafferamme på 21 eller 30 års fengsel. Kanskje bør ein òg ta med (heile) § 195.

Med denne avgrensinga følgjer det direkte av straffelova § 18 (straffelova av 2005 § 33) at lovbrøytarar under 18 år ikkje vil verte ramma av regelen, avdi straffa for desse ikkje kan setjast høgare enn til fengsel i 15 år. Om ein tek med heile § 195 i lovforslaget, kan det vere rimeleg at ein tek inn den same aldersgrensa der.

Knyter ein regelen til denne strafferamma, vil òg fleire av dei brotsverka som no (etter 7.

mars 2008) ikkje foreldast, heller ikkje foreldast sjølv om ein subsumerer handlingane under dei alminnelege reglane i straffelova.

Under eitkvart omstende er vi ikkje samd med departementet i at medverknad skal vurderast etter mildere reglar enn hovudbrotsverket (s. 67). Dersom ein vaksen person lokker to mindreårige til å ha seksuell omgang med kvarandre, er det ingen grunn til at han skal nyte godt av mildere reglar om forelding av ansvaret. Det gjeld særskilt der den eine av dei unge kan få straffansvar for handlinga.

Avslutningsvis nemner vi at det ved straffansvar etter svært lang tid i nokon saker kan vere nok å fastslå straffansvaret utan å idømme fengsel utan vilkår, til dømes ved å gje straffutmålingsfrfall etter straffelova av 2005 § 61.

10.2 Utskutt foreldelsesfrist

Sjølv om ein etter omstenda kan få nokså lange frister for forelding der fristen skytast ut, er det i godt samsvar med omsynet til den fornærma at fristen byrjar å løpe først ved myndighetsdagen.

Avvergingsplikten etter straffelova § 139 er formelt sett ein regel om straffansvar, men har størst praktisk verdi som ein verdimarkør og som eit fritak frå taushetsplikt. (Det er vanskeleg å finne døme i rettspraksis på at nokon er dømt etter paragrafen. Vi har ikkje etterrøkjia om det vert vedteke mange forelegg.) Det kan difor ha liten praktisk verdi å la foreldingsfristen løpe først ved 18-årsdagen til den fornærma. Omsynet til at den fornærma skal få tid til å områ seg gjer likevel at vi er samd i at fristen først byrjar å løpe når den fornærma fyller 18 år – når det gjeld avverging av brot på § 195 eller § 219.

Vi har ikkje særskilte merknader til dei andre framlegga på dette punktet, men er samd i at ein bør ha ein overgangsregel som gjer at den nye regelen gjeld dei forhalda som ikkje er forelda når lova trer i kraft.

TIL PUNKT 11 ADVOKAT SOM SKAL VARETA INTERESSENE TIL DREPTE BARN

Overskrifta er noko mistydande: Ein veit jo ikkje om barnet er drept. Men når det er sagt, kan ei slik ordning ha noko for seg. Vi er likevel i tvil om regelen bør avgrensast slik at politiet må mistenkje eit brotsverk. Kanskje bør regelen formulerast meir opent: Det kan jo nettopp vere problemet at politiet burde mistenkje nokon, men ikkje gjer det. Det kan òg vere lettare for dei etterlatte om det ikkje er erklært ein mistanke.

TIL PUNKT 12 UTVIDELSE AV MINSTETID OG TIDSRAMME VED DOM PÅ FORVARING FOR FORBRYTELSE MED STRAFFERAMME PÅ FENGSEL I INNTIL 30 ÅR

Vi er samd i framlegget. Utgangspunktet er at den forvaringsdømde skal verte fri når lengstetida er ute, og det er dårleg samklang mellom reglane dersom lengstetida – eller minstetida – vert sett kortare enn ved ein fengselsdom avdi den dømde er særst farleg for samfunnet. Det kan òg gje retten eit vanskeleg val i dei mest alvorlege sakene: 21 års forvaring eller 30 års fengsel?

Dette vert endå klårare der fleire er saman om lovbrotet og ein får forvaring medan dei andre

får fengsel. Sidan forvaring reknast som straff, bør dei same reglane gjelde som for fengselsstraff.

Med hilsen



Håkon Skulstad
Sjef Politihøgskulen



Anne Kristine Aure
Seniorrådgjevar

Sakshandsamar:
Morten Holmboe
Seniorrådgjevar
Telefon: 23 19 99 72

Kopi til:

Referansar i teksten

Alve (2012)

Alve, Karianne Stærk: *Barns rettsstilling i § 195 3. ledd-saker: En analyse og vurdering av rettsutviklingen*. Universitetet i Oslo, 2012.

Andenæs og Bjørge (2012)

Andenæs, Mads og Eirik Bjørge: *Menneskerettene og oss*. Oslo, 2012.

Asp (2010)

Asp, Petter: *Sex och samtycke*. Uppsala, 2010.

Jahre og Holmboe (2012)

Jahre, Hans-Petter og Morten Holmboe: Alderen som objektivt straffbarhetsvilkår: dit og tilbake igjen? *Lov og Rett* Vol. 51(10) (2012) s. 579-597.

Matningsdal (2010)

Matningsdal, Magnus: *Norsk spesiell strafferett*. Bergen, 2010.